

## T-DAGANE I ØYGARDEN

Trusopplæringsdagane omfattar alle opp til atten år. Før kvar T-dag blir det send T-helsing til alle døypte. Påmelding og meir info: [www.kyrkja.no/t-dagen](http://www.kyrkja.no/t-dagen)

T-4 Kyrkjeboka	søn. 4. sep.	Landro kyrkje
T-11 På sporet	fre. 23. sep.	Landro kyrkje
T-10 Tweens	fre. 28. okt.	Fjell kyrkje
T-12 LysVaken	laur. til søn. 19.-20. nov.	Fjell kyrkje
T-3 Advent	søn. 27. nov.	Landro kyrkje

## LANDRO SOKNERÅD

Leiar: Tove K. L. Angeltveit  
Nestleiar: Kjersti L. Angeltveit  
Faste medlemar: Heidi Ødegård Vik, Dag-Olav Bjørøy, Sven Bech-Sørensen, Kjersti Berland.  
Sokneprest, Bjarte Nese sit også i soknerådet.

## KONTAKTAR

Ønskjer du å bli kontinuerleg oppdatert om arrangementa i Landro kyrkje?

Send e-post til: [anita.leganger@outlook.com](mailto:anita.leganger@outlook.com)

## Lurer du på noko, kontakt:

Leiar i soknerådet: Tove K. L. Angeltveit  
[tove.karin@outlook.com](mailto:tove.karin@outlook.com) tlf.: 995 90 448

Nestleiar i soknerådet: Kjersti L. Angeltveit  
[tkangelt@online.no](mailto:tkangelt@online.no) tlf.: 993 35 282

Sokneprest: Bjarte Nese:  
[bn445@kyrkja.no](mailto:bn445@kyrkja.no) tlf.: 915 32 437

Heimeside: [www.kyrkja.no/oygarden](http://www.kyrkja.no/oygarden)

Dåp - Elektronisk innmelding:  
[www.kyrkja.no/oygarden](http://www.kyrkja.no/oygarden) - Klikk på: Dåp



## VIL DU STØTTA ARBEIDET VÅRT?

Du kan bli med som frivillig og/eller støtta arbeidet vårt økonomisk.

Vil du vita meir om å vera frivillig i kyrkja?  
Ta kontakt med ein i soknerådet – eller kom på medarbeidarsamling i starten av semesteret.

Vi tek imot gåver via Vipps #96889 med melding «Eige arbeid» eller via gjevarteneste. Du kan få meir info og registrera deg som gjevar på [www.kyrkja.no/landro](http://www.kyrkja.no/landro)

Lik oss på Facebook



# Landro kyrkje



## Haust 2022

**Kjære deg** som høyrer til Landro kyrkje. Med denne brosjyren ønskjer vi å informera om kva som skjer i kyrkja vår. Landro sokneråd ønskjer at fleire vil kjenna:

**"Landro kyrkje er kyrkja vår"**

## UNGDOMSKLUBB

Fredagar kl. 18.30 - 21.00 i kyrkjelydssalen:

21. okt. 4. nov. 18. nov. 2. des.

Klubb for ungdom frå 8. klasse og oppover. Ein trygg og god møteplass med andakt, spel og kafé.

Kontakt: Torunn Nateland Utvær, 922 34 648

## KRISTEN TRU - Kurskveldar i kyrkja

Onsdagar kl. 19.30

I kristendommen brukar ein ord som ikkje er så lette å forstå. Desse kveldane tek ein, gjennom foredrag og samtale, opp omgrep ein kan møta i forkynning og bøker. Kva betyr det? – Det vert enkel servering.

5. okt	Har Gud allmakt?
19. okt.	Guds kjærleik?
2. nov.	Guds nærvær i kvardagen?
16. nov.	Dom og forløyising?
30. nov.	Misjonskveld, Alvhild Vassel Eide viser lysbilde og fortel frå Kamerun.

Kontakt: Bjarte Nese, [bn445@kyrkja.no](mailto:bn445@kyrkja.no)

## TREFF

Onsdagar kl. 11.30 - 14.00 i kyrkjelydssalen

31. aug. 28. sep. 26. okt. 30. nov.

Felleskap i kyrkja, eit godt og varmt måltid mat, undervisning og sosialt samvære. For ev. skyss,

Kontakt: Torunn Nateland Utvær, 922 34 648

e-post: [TN788@kyrkja.no](mailto:TN788@kyrkja.no)

## **GUDSTENESTER**

Gudstenestene er storfellesskapen i kyrkjelyden.

**Til vanleg begynner gudstenestene kl. 11.00.**

4. sep.	Familiegudsteneste, dåp, T-4 dag
11. sep.	Gudsteneste, nattverd
18. sep.	Gudsteneste, dåp, presentasjon av konfirmantane
25. sep.	Gudsteneste, nattverd
2. okt.	Gudsteneste, nattverd
16. okt.	Gudsteneste, dåp, nattverd
23. okt.	Familiegudsteneste, dåp, hausttakkefest
30. okt.	Gudsteneste, nattverd
6. nov.	Minnegudsteneste, nattverd, allehelgensdag
13. nov.	Gudsteneste, dåp, nattverd
20. nov.	Gudsteneste, nattverd
27. nov.	Familiegudsteneste, dåp, T-3 dag, 1. søndag i advent
4. des.	Gudsteneste, dåp, nattverd
11. des.	Vi syng jula inn <b>kl. 17.30</b>
24. des.	Julaftangudsteneste <b>kl. 14.30</b>
24. des.	Julaftangudsteneste <b>kl. 16.00</b>
25. des.	Høgtidsgudsteneste, nattverd <b>kl. 12.00</b>
1. jan.	Gudsteneste, nattverd <b>kl. 12.00</b>

## **SØNDAGSSKULE**

Det er søndagsskule under gudstenesta desse dagane:

25. sep.      2. okt.      13. nov.      20. nov

## **OPEN BARNEHAGE**

**i kyrkjelydssalen v/KFUK-KFUM Øygarden  
måndag, onsdag og torsdag, kl. 09.15 - 14.45**

Eit gratis, pedagogisk tilbod for barn under skulealder. Det er tilsett personell, men omsorgsperson må vera til stades og har ansvar for barna.

*Kontakt: Barnehagen 479 73 457, styrar 464 20 468*

## **BABYSONG**

**Kvar onsdag kl. 12.30**

Med rytme, song og musikk skapar vi gode augneblink saman med barna. De vil òg få råd om korleis de kan gje barnet trusopplæring gjennom song og musikk.

*Påmelding til: Tove K. L. Angeltveit, 995 90 448*

## **UTE-TORS DAG**

**Kvar torsdag kl. 18.00-19.30 t.o.m. 20. okt.**

Møteplass ute i felleshagen bak Landro kyrkje. Tid til prat, bålkaffi, kakao, matlaging på bål og praktiske oppgåver rundt ulike ute-prosjekt for dei som ønskjer det. Kom som du er! Alle er velkomne!

## **LANDRO BARNEKOR & TEENSKOR**

Tysdagar kvar veke – oppstart 23. august.

**Barnekoret:** for 1. - 4. klasse kl. 17.30 - 18.25

**Teenskorret:** for 5. - 8. klasse kl. 18.35 - 19.30

Vi syng på gudstenester, vi syng jula inn og juletreffest.

*Kontakt: Eline Olsen, 906 05 332.*

## **BASARGRUPPE**

**Første tysdagen i månaden kl. 18.30 - 20.00**

**i kyrkjelydssalen.**

Treff der vi førebur basar til våren. Har du lyst til å laga noko til basaren, så kan du ta det med og jobba på det saman med andre. Ønskjer du å ta ein kopp kaffi og prata, så er du hjarteleg velkommen til det.

## **GENERASJONSKVELD**

**Torsdagar kl. 18.00 - 19.30**

Vi møtest til hyggjelege kveldar i kyrkja på tvers av generasjonar.

29. sep. Brettspel- og pizzakveld

27. okt. Lefsekurs med Randi

24. nov. Kransekurs med Nina frå Kysthagen

## **BØNEGRUPPE**

**Tysdagar kl. 20.00**

Bønegruppa møtest ikkje fysisk, men ein er saman i bøn kvar på sin stad. Du kan melde bøneemne til:

*viberilandro@gmail.com*

*Kontakt: Jan Frank Christiansen på e-post:*

*leirkar@gmail.com*

## **BIBELGRUPPE i kyrkja**

Er du interessert i å delta i bibelgruppe?

Ei bibelgruppe er ei mindre samtalegruppe der ein snakkar om tru, tvil og livet - og ser det opp mot kva Bibelen formidlar.

*Kontakt: Jan Frank Christiansen på e-post:*

*leirkar@gmail.com*

*eller kyrkjekontoret på tlf. 400 03 316*

## **VI SYNG JULA INN**

**Søndag 12. des. kl. 17.30**

Landro Barne- og Teenskor og andre lokale aktørar.

## **JULETRIFEST**

**Laurdag 7. jan. kl. 16.00-18.00**

Juletreffest for heile familien med juletrengong, kakebord, andakt, musikk og underhaldning.

